



Arkeologiske granskingar av busetjingsspor frå yngre jernalder i Hellenen (id 34551)

Haneberg gnr. 46, bnr. 82 i Sokndal kommune, Rogaland fylke

Trond Meling

AM saksnummer: 15/05834

Journalnummer:

Dato: 31.10.2016

Sidetall: 14 ^m/vedlegg

Opplag:

Oppdragsgivar: Dalane Folkemuseum/Riksantikvaren

Stikkord: Kulturlag frå yngre jernalder

Innberetning til topografisk arkiv



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Vår ref.: 15/05834

Sakshandsamar: Trond Meling Arkivkode

Dato: 28.10.16

733

Kommune: Sokndal
Gardsnamn: Haneberg
Gnr: 46
Bnr: 82
Lokalitetsnamn: Helleren
Tiltakshavar: Dalane Folkemuseum/Riksantikvaren
Adresse:

Sakens namn: Reperasjonar av grunnmur til det nordlegaste huset i Helleren
Arkivsaknr:

ID (Askeladden): 34551

Aksesjonsnr: 2006/106
Museumsnr: S 13670
Natvit. prøvenr:
Fotonr:

Befart: 02.09.15
Av: Trond Meling
Feltundersøkelse: 03.05.16 og 25.05.16
Ved: Trond Meling og Angunn Skeiseid

Gjelder: Arkeologiske granskingar av busetjingsspor frå yngre jernalder i Helleren, Sokndal kommune.

1 SAMANDRAG

I samband med reoperasjonar av grunnmuren til eit av husa i Hellingen i Jøssingfjord (id 34551), Sokndal kommune gjennomførte Arkeologisk museum, UiS, ei arkeologisk gransking av dei område som vart råka av tiltaket. Utgravinga vart utført i samarbeid med Dalane Folkemuseum den 03.05.16 og 25.05.16. På utsida av grunnmuren (vest for huset) bestod massane av påførte fyllmassar frå slutten av 1800-talet og tidleg 1900-talet. Dei same massane fans også i det øvste nivået på innsida av grunnmuren, men her fans også intakte eldre lag. Til saman vart det skilt ut fire lag under den «moderne» fyllen, og det nedste av desse laga er ¹⁴C-datert til tidleg merovingartid. I dei fire laga vart det funne små fragment med brende og ubrende bein, m.a. ein ryggvirvel av fisk.



Figur 1. Hellingen er markert med ein svart firkant og ligg inst i Jøssingfjorden heilt sør i Sokndal kommune. Kart: Sigrid A. Dugstad

2. INNLEIING

Hellingen i Jøssingfjord er eit av dei mest kjende og eit mykje besøkt kulturminne i Rogaland. Den ligg heilt inst og på nordsida av Jøssingfjorden i den sørlege delen av Sokndal kommune (Fig. 1). Landskapet rundt er prega av bratte fjellsider med bart berg, og fjorden utgjer ei djup kløft i landskapet (Fig. 2).




Figur 2. Helleren på nordsida av Jøssingfjorden i Sokndal kommune. Den raude sirkelen markerer helleren. Sett mot vest.
Foto: Trond Meling

Sjølve helleren er om lag 100 m lang i retning nord-sør og ca. 20 m høg i dråpefallet (Fig. 4). Frå den inste delen av helleren til dråpefallet er det om lag 15 m på det meste. Helleren ligg mellom 8 m og 15 m over havet. I dag står det to bygningar frå byrjinga av 1800-tallet under helleren (Fig. 3), men både eldre oppløysningar og synlege murar viser at det har stått fleire bygningar her (Hansteen 2014). I tillegg finns det restar etter m.a. kve og båtstø i og like rundt Helleren. Dei fleste av desse murane er truleg frå historisk tid (Fig. 3).

2.1 Bakgrunnen for undersøkinga

Bakgrunnen for den arkeologiske granskinga var at Dalane Folkemuseum, som eig og har ansvaret for dei to bygningane under Helleren, må utføra reperasjonar av grunnmuren til det nordlegaste av dei to husa. Deler av grunnmuren i sørvest hadde rasa ned, og eit parti på om lag 2 m av muren måtte takast ned og murast opp igjen. Det var også ynskjeleg å forsterka muren med eit par jernstag festa til fjellet i bakkant av huset.



Figur 3. Teikning som viser prøvestikkene som vart graven i 1964 og sjaktene som vart graven i mai 2016. Teikninga er omarbeida etter Hansteen 2014

Sidan Hellenen er eit automatisk freda kulturminne sendte Dalane Folkemuseum den 11.09.15 ein søknad om dispensasjon frå Lov om kulturminne § 8.1. ledd til Rogaland fylkeskommune. På førehand var det gjennomført ei synfaring i Hellenen den 02.09.15 der representantar frå Dalane Folkemuseum, Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum deltok. Den 22.09.15 vart søknaden om dispensasjon sendt til Riksantikvaren, og i brev datert 11.02.16 ga Riksantikvaren dispensasjon for tiltaket under føresetnad at Arkeologisk museum gjennomførte naudsynte arkeologiske granskingar før muren vart bygd opp igjen. Kostnadene ved de arkeologiske granskingane vart dekkja av Riksantikvaren.

2.2 Hellenen i Jøssingfjord og andre kulturminne i nærområdet

Hellenen ligg på garden Haneberg gnr. 46 i Sokndal kommune og i historisk tid var staden husmannsplass under Haneberg. Dei eldste skriftlige kjeldene om Hellenen er frå 1700-talet, men ein trur at den faste busetnaden går tilbake til 1500-talet (Økland 2014). Dei siste bebruarane flytta frå Hellenen i 1909 då The Jøssingfjord Manufacturing Company tok over staden. Det vart etablert industri i området tidleg på 1900-talet, og like nordaust for Hellenen vart det anlagt kraftstasjon og smelteverk (Økland 2014:61).

Store deler av området rundt Hellenen er i dag eigd av Titania AS som utvinn ilmenitt ved Tellnes søraust for Jøssingfjord.

Det er svært lite lausmassar i området rundt Hellenen, og berggrunnen består først og fremst av dei harde bergartane anortositt og noritt. Dette er svært sjeldne og gamle bergarter (rundt 1000 millionar år) som hovudsakleg består av mineralet andesitt (Dahl 1982).

2.2.1 Tidlegare granskingar i Hellenen

I 1964 vart det graven to små prøvestikk innunder hellertaket (Myhre 1964a, 1964b). Det eine stikket vart grave mellom dei to husa, mens det andre vart grave ca. 1 m sør for det sørlegaste huset (Fig. 3). I begge stikka vart det påvist 50-60 cm tjukke kulturlag. Øvste delen av laget bestod av mørk, trekolholdig jord, så eit lag med østersskal, og under dette var det eit forholdsvis tjukt lag med ei blanding av skjelsand og mørk jord. Under skjelsandlaget kunne ein i det eine prøvestikket også sjå eit tynt lag med fiskebein, samt eit tynt, mørkt lag som låg over undergrunnen (Myhre 1964a). I alle laga vart det påvist dyre- og fiskebein, samt østersskal, og i laget med skjelsand vart det funne eit avslag i flint. Elles vart det ved registreringa i 1964 observert ein god del knoklar, fiskbein og flintavslag som låg i dagen, i det øvste laget. Funna frå denne registreringa er katalogisert under S9037.



Figur 4. Hellenen sett mot vest. Sjaktene vart graven under og på baksida av det raude huset. Foto: Trond Meling

I tida etter Bjørn Myhre si registrering er det plukka opp ein del steinartefakter frå Hellenen. Det meste av funna utgjer avslag og bitar i flint (S12438), men i 1997 vart det funne ein pilspiss i skifer (S11885) i overflata i den sørlege delen av Hellenen. Skiferspissen, som har konvergerande sider, rette mothaker og eit spissovalt bladsnitt, kan daterast til første halvdel av neolitikum (ca. 3300-2300 f.Kr.). Om lag same datering har også eit fragment av det som truleg har vore ei tynnakka flintøks, som vart funne i overflata ved registreringa i 1964 (Myhre 1964b).

2.2.2 Funn og fornminner på Haneberg og i området rundt Jøssingfjorden

I det karrige området rundt Helleren er det registrert relativt få førhistoriske kulturminne. Det er ved fleire høve gjennomført registreringar i områda rundt Tellnes der Titania har sitt anlegg (m.a. Lillehammer 1998, Berge 2008), men det er ikkje funne automatisk freda kulturminne ved desse registreringane. Vest for Logsvatnet, om lag 4 km søraust for Helleren, finst det nok ein heller (id 72375) der det er funne ein kniv av jern, eit jernfragment og to bitar med ubrend bein (S9503). Denne helleren er danna av ei stor flyttblokk som ligg inntil fjellveggen. Slik flyttblokka ligg er det danna to rom i helleren, og gjenstandane er funne i eit prøvestikk i det ytre rommet. I prøvesticket vart det påvist eit ca. 40 cm tjukt kulturlag, og om lag 20 cm under overflata var det eit markant og tjukt trekollag. Det føreligg ikkje dateringar frå laget, og gjenstandane gir ingen nærare datering enn til jernalder-mellomalder.

Forutan helleren ved Logsvatnet er det også funne ein del gjenstandar nær tunet på Log i Åna-Sira og ved Bu ytst i Jøssingfjorden. Desse to områda ligg om lag 6 km og 1 km frå Helleren. På Log er det i ulike omgangar kome inn fleire gjenstandar frå yngre steinalder, m.a. to dolkar (S6738, S8946a), ein sigd (S8946b) og to skraparar i flint (S8946c-d), mens det er funne ei korsforma kølle (S5735) og fleire øksar/meislar (C6336-6339) i bergart på Bu. Øksene vart funne på midten av 1800-talet, men det er ikkje stadfesta kva type dette er. Den korsforma kølla er av Type IIb (Skår 2003), og kan daterast til første halvdel av seinmesolitikum (6400-5700 f.Kr.). På Bu står det også ein bautastein (id 34546).

Nær tunet på Haneberg, som ligg på Hauge ca. 3 km nordvest for Helleren, finst det ei rekke synlege kulturminne, m.a. eit helleristningsfelt (id 24715), eit gardsanlegg (id 72381) og fleire gravhaugar (id 65971, 14910, 54338). Ristningsfeltet består av tre panel der det er rissa inn to skip og minst 45 skålgroper (Fett & Fett 1941:95), mens den eine gravminnet har ei rektangulær form som på folkemunne vert kalla «offeralteret». Denne grava vart undersøkt i 1952, og i det som er tolka som eit kammer vart det funne skår av spannforma keramikk som tyder på at grava skal daterast til folkevandringstid (Petersen 1956, Møllerop 1958). I ulike omgangar er det også kome inn fleire gjenstandsfunn frå ulike periodar nær tunet på garden, m.a. nok ei korsforma kølle (S9821), ei Vespestadøks (S9319), to nye flintdolkar (S4654, S7567), ein kvernstein (S9822) og eit spinnehjul (S9820).

2.2.3 Personer knyta til granskinga

Dei arkeologiske granskingane vart utført den 03.05.16 og 25.05.16. Utgravinga vart gjennomført av arkeologane Trond Meling frå Arkeologisk museum, UiS og Angunn Skeiseid frå Rogaland fylkeskommune. Trond Meling har skrive rapporten. Botanikar Trond Magne Storstad ved Arkeologisk museum, UiS har utført vedartsanalyse av innsamla trekol. Då granskinga tok til den 03.05.16 var representantar frå Dalane Folkemuseum til stades.

3. PROBLEMSTILLINGAR OG FØREMÅLET MED GRANSKINGA

Ut frå dei to prøvestikka som vart graven i 1964 visste ein at det fans bevarte kulturlag i Hellenen. Artefaktene frå prøvestikka tyda også på at heile eller deler av kulturlaget var frå steinalder, men forutan skiferspissen fans det få diagnostiske trekk ved funna. Ei viktig målsetjing ved granskinga i mai 2016 var difor å få auka kunnskap omkring den førhistoriske busetjinga innunder Hellenen. I prosjektskildringa vart det også påpeika at det fans lite materiale frå steinalder i denne delen av Rogaland, og at ei gransking i Hellenen kunne bidra til å kaste lys over denne perioden i regionen. Sentrale spørsmål for granskinga var:

- Kor langt tilbake går busetnaden i Hellenen, og vil det vera mogleg å skilja ut ulike fasar med førhistorisk busetnad/aktivitet?
- Kva kan materialet seia om busetnaden/aktiviteten som har vore i Hellenen i ulike periodar av førhistorisk tid?
- Kan det diagnostiske steinmaterialet seia noko om regionale kontaktlinjer mellom Sør-Vestlandet og Sør-/Austlandet i slutten av eldre steinalder og tidleg yngre steinalder?

Forutan dei kulturhistoriske problemstillingane vart det også peika på at ei gransking kunne gi viktig informasjon omkring bevaringstilhøva i kulturlaga. Det vart også understreka at betre kunnskap om bevaringstilhøva, særleg i dei øvste delen av laget, ville vera viktig for å vurdere behovet for eventuelle sikringstiltak. Til slutt vart det framheva at auka kunnskap om dei førhistoriske spora under Hellenen ville bidra til å styrke staden som kulturminne, og at ein kunne formidla denne delen av historia på ein betre måte.



Figur 5. Sjakt 1 etter graving set mot nord. I sjakta var det kun påførte masser frå historisk tid. Foto: Trond Meling

4 METODE OG DOKUMENTASJON

Dei arkeologiske granskingane vart utført i løpet av to dagar med tre vekers mellomrom. Årsaken til dette var at Dalane Folkemuseum skulle få høve til å ta ned den delen av grunnmuren som måtte reparerast før vi gjorde granskingar på innsida og under sjølve muren. Den 03.05.16 vart området utanfor muren undersøkt, mens arealet på innsida og under muren vart granska den 25.05.16.

4.1 Gravetekniske metodar

Ved dei arkeologiske granskingane vart det graven to sjakter. Den eine sjakta (Sjakt 1) va 2,0 m lang og vart lagt på utsida av grunnmuren, like vest for huset, mens den andre sjakta var 1,6 m lang (Sjakt 2) vart lagt på innsida (aust for grunnmuren) og delvis under grunnmuren (Fig. 3). Begge sjaktene vart lagt i det området der muren skulle takast ned og byggjast opp igjen.

Begge sjaktene vart graven for hand med graveskei, og til ein viss grad vart begge graven stratigrafisk. Sjaktene vart delt i to ruter som vart graven separat, slik at ein fekk betre kontroll over eventuelle funn og funnspreiinga. Ein del av fyllmassen frå sjaktene, særleg Sjakt 2, vart vassålda i sjøen i handhaldt såld med ei maskevidde på 4 mm. I tillegg vart deler av fyllmassen i dei øvste laga tørrsålda.

Både utanfor og under huset var fyllmassane, særleg dei som har blitt påført i historisk tid, svært tørre. Dette førte til at mykje støv vart virvla opp, og under heile feltarbeidet måtte eit nytta munnbind ved gravinga (Fig. 6). Ved graving av Sjakt 2 måtte vi arbeidet under bygningen. Her var det svært lågt og ein måtte nytte hjelm under arbeidet.

4.2 Dokumentasjon

Det var ikkje mogleg å måle inn dei to sjaktene med GPS sidan det ikkje var satellittdekning innunder helleren. Sjakt 1 vart heller ikkje dokumentert nærare gjennom teikning, sidan denne berre inneheldt påførte massar. I sjakt 2 vart det etablert eit profil mellom dei to rutene i sjakta (mellom Rute A og Rute B). Dette profilet vart skildra og fotografert. I tillegg vart profilet mot aust i Rute A fotografert og teikna (Fig. 8).

Gjennom heile granskinga vart det teke fleire foto, både oversiktsfoto og foto av ulike detaljar og situasjonar (Jf. vedlagt fotoliste).

Arbeidstilhøva ved granskinga var til tider vanskelege, særleg ved utgravinga under og på innsida av muren. Kjellaren under huset er svært låg, og i den nordlege delen var det trongt og til dels vanskeleg å koma til. Dette påverka m.a. moglegheita for til å grave stratigrafisk i dei nordlege delane av Sjakt 2.

Frå Sjakt 2 vart det samla inn nokre funn. Desse kjem hovudsakleg frå den sålda massen. Funnposane vart påført rutenummer og i kva djupne funna vart gjort. Det vart også samla inn trekol frå den sålda massen. Ein valte denne strategien sidan arbeidstilhøva gjorde det

vanskeleg å ta inn *in situ* prøvar frå lag og profilar. Funna frå utgravinga er katalogisert under S13760.



Figur 6. Det var mykje støv frå massane som vart graven bort, særleg på innsida av muren og under huset. Foto Angunn Skeiseid

All fyllmasse som ikkje vart vassålda vart samla i ein dunge like nord for huset, slika at denne kan nyttast til å fylla igjen sjaktene. Dette gjeld først og fremst Sjakt 1 på utsida av muren. Den ikkje sålda fyllmassen bestod hovudsakleg av påførte massar frå historisk tid.

5 SKILDRING AV SJAKTER, LAG OG FUNN

5.1 Sjakt 1

Sjakt 1 vart graven den 03.05.16. Den var 2,0 m lang og 60 cm brei, og den vart lagt inntil og på utsida av grunnmuren (Fig. 3). Sjakta hadde same orientering som huset, dvs. nord/nordaut-sør/sørvest (Fig. 5). Frå det sørvestre hjørnet av bygningen til den sørlege enden av sjakta var det 1,4 m.


Ved utgravinga vart sjakta delt i to ruter à 1 x 0,6m. I den nordlege delen av sjakta kom ein ned på fjell 5-7 cm under overflata, mens det var fjell først etter 55-60 cm i den sørlege delen. All fyllmassen frå sjakta bestod av massar som har blitt påført staden i historisk tid. Fyllen hadde ei laus samansetning som hovudsakleg bestod av grus, trefliser og ei varierende mengde med «søppel». Mellom anna vart det funne, skår av porselen og glas, ei heil

glasflaske, jernfragment, deler av ein skosåle og fleire fiskesøkker av tegl og stein. Fiskesøkka vart funne meir eller mindre samla i den sørlege delen av ruta, og søkka i stein er av rullestein med ei innrissa fure. Det fanst også ein del brende og ubrende bein i fyllen.

Om lag 45 cm under overflata var fyllen noko mørkare i den sørlege delen av sjakta. I dette nivået var det også litt fleire brende bein, enn i laget over. Deler av massen frå dette nivået vart vassålda, med det fans ingen funn som tyde på at laget er avsett i førhistorisk tid. Tvert imot tyder eit fiskesøkke i tegl, som vart funne ned mot botn av sjakta, på at fyllen i dette område er påført/omrota i historisk tid. Det vart ikkje samla inn funn frå Sjakt 1.

5.2 Sjakt 2

Sjakt 2 vart graven den 25.05.16. Den vart lagt på innsida og delvis under grunnmuren (Fig. 2), og hadde ei lengde 1,60 m og ei bredde på ca. 40 cm (Fig. 7). Sjakta låg parallelt med Sjakt 1 og hadde same orientering som huset, dvs. nord/nordøst-sør/sørvest (Fig. 3).



Figur 7. Planskisse av Sjakt 2. Teikning: Trond Meling


Det øvste laget i Sjakt 2 hadde same karakter som fyllen i Sjakt 1, og bestod av laus grus blanda med mykje treflis og ulike gjenstandar frå nyare tid, t.d. porselen, tegl og glas. Laget var mellom 3-12 cm tjukt, og etter at dette var fjerna vart sjakta delt i to ruter à 80x40 cm; Rute A i sør og Rute B i nord (Fig. 7). Begge rutene var avgrensa av fjell mot sør og nord, og begge vart graven ned til fjell.

Under det øvste laget kom ein ned på eit mørkebrunt grusholdig lag med ein del stein. Dei fleste steinane hadde eit tverrmål på 10 cm eller mindre, men i Rute B fans det også 2-3 steinar med eit tverrmål på 20-30 cm. Dei fleste steinane var varmpåverka og/eller forvitra. Inn mot fjellet i Rute B hadde fyllen ein relativt laus konsistens. Fargen til denne fyllen var tilnærma svart, men det var ingen trekolbitar i den.

All fyllmassen frå dei to rutene vart vassålda. I Rute A var det sålda ca. 45 liter, mens det vart sålda 25 liter frå Rute B.

På grunn av dei tronge arbeidsforholda under bygningen vart all fyllmassen som fans under laget med treflis, porselen, tegl og glas graven som eit lag. Men det vart etablert ein profil mellom dei to rutene som vart fotografert. I tillegg vart den sørlege delen av profilet mot aust fotografert og teikna (Fig. 8).

Figur 8 syner lagdelinga i Rute A og 20 cm av den sørlege delen av Rute B etter at dei moderne massane var fjerna. Dei to øvste laga (Lag 1 og Lag 2) bestod av brunleg grus med noko ulik konsistens og farge. Lag 1 (6-10 cm tjukt) var relativt kompakt, mens Lag 2 (5-8 cm tjukt) hadde ein brunsvart farge og innehaldt ein god del stein. I begge desse laga fantes det trekolbitar. Under det brunsvarte laget fans ei lomme med lys grus (Lag 3, 2-4 cm tjukt), som såg ut til å vera forvittra stein. Det nedste laget (Lag 4, 5-10 cm tjukt) bestod av mørk, tilnærma svart, grus med ein del trekol. Under dette laget var det fjell.



Figur 8. Profilteikning av profilet mot aust i sjakt 2. Det øvste laget med «moderne» massar er fjerna. Teikning: Trond Meling

Som nemnt over vart det ikkje tatt ut prøvar frå profilet i Sjakt 2, men det vart samla inn trekol frå dei sålda massane i ulike djupne (Tabell 1). Ein av desse prøvane er ¹⁴C-datert på trekol av hassel/or som vart samla inn frå Rute B, 20-30 cm under overflata. Denne djupna korresponderer med det svarte gruslaget i botn av sjakta (Lag 4). Dateringa har gitt BP 1434 ± 36 (AD 563-658, 2 sigma), nok som tilsvara tidleg merovingartid.

Til saman vart det tatt ut fire trekolprøvar frå Sjakt 2, og det vart samla inn nær 3g med brende og ubrende bein (Tabell 1). Beina er ikkje analysert, men i Lag 1, i den øvste delen av sjakta (3-7 cm under overflata), fans det m.a. ein ubrend ryggvirvel av fisk (Fnr. 2). Eit av dei brende beina har ein grå farge og er lett brend (Fnr. 3).

Funna frå Sjakt 2 hadde ei relativ jamn spreieing både horisontalt og vertikalt. Det fans ingen klåre konsentrasjonar med bein i sjakta, men dei fleste kan knytast til Lag 1 og Lag 2. Fleirtalet av beinfragmenta frå Sjakt 2 er brende. I det kompakte, brune gruslaget øvste i

Rute 2 (Lag 1) fans det også eit par moderne gjenstandsfunn, m.a. eit glasskår og ein bit av tegl. Desse låg i den øvste dele av laget.

| Fnr. | Materiale | Rute | Nivå | Lag | Mengd | Vekt | Sign. | Dato |
|------|-------------------------|--------|---------|---------|----------------|-------|-------|----------|
| 1 | Brend bein | Rute A | 3-7cm | Lag 1 | 5 stk. | 1,08g | TM | 25.05.16 |
| 2 | Ubrend bein | Rute A | 3-7cm | Lag 1 | 2 stk | 0,29g | TM | 25.05.16 |
| 3 | Brend bein | Rute B | 3-12cm | Lag 1-2 | 1 stk. | 1,54g | AS | 25.06.16 |
| 4 | Brend bein | Rute A | 15-25cm | Lag 2-4 | 5-6 stk. | 0,17g | TM | 25.06.16 |
| 5 | Trekol | Rute A | 7-15cm | Lag 1-2 | | 1,3g | TM | 25.06.16 |
| 6 | Trekol | Rute A | 15-25cm | Lag 2-4 | | 3,64g | TM | 25.06.16 |
| 7 | Trekol | Rute B | 20-30cm | Lag 4 | | 0,5g | AS | 25.06.16 |
| 8 | Trekol (m.a. hassel/or) | Rute B | 20-30cm | Lag 4 | 0,0761g datert | 3,27g | AS | 25.06.16 |

Tabell 1. Funnliste frå Sjakt 2.

6. Oppsummering og samla vurdering

Heile Sjakt 1 og dei øvste 3-12cm av Sjakt 2 bestod av relativt moderne fyllmassar. Gjenstandsmaterialet herifrå tyder på at desse fyllmassane er påført og at dei kjem frå tida det budde folk i dei to husa, eller frå den tidlege industrireisinga i Jøssingfjord, dvs. frå 1800-talet og/eller tidleg 1900-talet.

I sjakt 2 vart det skild ut fleire lag under dei moderne massane. Desse laga hadde ein samla tjukkeleik på ca. 30 cm. Det fans nokre moderne gjenstandar i den øvste delen av Lag 1, men elles vart det berre funne bein i laga. Det nedste laget (Lag 4) er ¹⁴C-datert til tidleg merovingartid. Med unntak av Lag 1 ser det difor ut til at dei fleste laga er avsett i byrjinga av yngre jernalder og seinare. Lag 1 kan vera frå tida då husa under Hellenen vart bygd på byrjinga av 1800-talet, men det er også mogleg at det er eit eldre lag som er forstyrra av den historiske busettinga.

Det vart ikkje funne førhistoriske og/eller mellomalderske gjenstandsfunn i nokon av laga i Sjakt 2, og mest truleg ligg denne delen i utkanten av det sentrale buplassområdet innunder helleren. At tjukkeleiken til laga ikkje var så massive som dei Myhre fann i 1964 indikerer det same. Dateringa frå Sjakt 2 viser også at den førhistoriske busetjinga/aktiviteten i Hellenen truleg strekker seg over eit relativt langt tidsrom, og at deler av kulturlaget som Myhre påviste i prøvestikka kan vera avsett seinare enn steinalderen.

7. FORMIDLING OG PUBLIKUMSKONTAKT

Under feltarbeidet vart det ikkje gjennomført noko organisert formidling av utgravinga, men i løpet av begge utgravingsdagane kom det fleire besøkande til Hellenen som fekk informasjon om arbeidet vi gjorde og om den førhistoriske busetjinga i Hellenen. Den 03.05.16 laga også Dalane Tidende ein reportasje om utgravinga. Denne kom på trykk 06.05.16 (jf. Vedlegg).



Figur 9. Sjakt 2 under graving - her er en nede på Lag 4 som var det nedste laget. Foto: Trond Meling

8. PROSJEKTEVALUERING

Ut frå kunnskapsstatus og tidlegare funn forventar vi at det finst spor etter busetjing frå steinalderen i Hellenen. Ved utgravinga fann vi ikkje spor etter dette, men granskinga viser at busetjinga og aktiviteten i Hellenen likevel truleg strekker seg over eit relativt langt tidsrom, og over fleire periodar. Materialet som vart funne ved utgravinga gir ikkje rom for seia noko konkret om kva type busetjing det har vore i ulike periodar, men både tjukkeleiken til laga i Sjakt 2 og mangelen på gjenstandsfunn i laga kan tyde på at området som vart undersøkt ligg utanfor det sentrale busetjingsområdet i Hellenen. Men det er verdt å understreka at saman med materiale og data frå dei andre granskingsane som er utført i Hellenen, er resultatane viktige for å få eit heilskapleg bilete av kor omfattande busetjinga/aktiviteten har vore over tid i Hellenen.

I prosjektskildringa vart det også trekt fram at ei gransking under grunnmuren til huset kunne gi viktig informasjon om bevaringstilhøva til dei registrerte kulturlaga, og å avklare om området er utsatt for slitasje. Utgravinga syner at deler av arealet under hellenen består av massar som er påført relativt seint i historisk tid. Det er også mogleg at dei yngste førhistoriske laga er forstyrre av historisk aktivitet (jf. glas og tegl i Lag 1 i Sjakt 2). Men sidan ein ikkje fann spor etter dei kulturlaga som Myhre påvist i 1964, har det ikkje vore mogleg å seia noko om bevaringsgraden til desse laga eller om det er behov for nærare sikring av laga. Granskinga viser i alle høve at det finst intakte lag under dei moderne massane som inneheld viktig informasjon om den førhistoriske busetjinga i Hellenen.

9 LITTERATURLISTE

- Dahl, J. S. 1982: Sokndals geologi. *Fra haug og heiðni* Nr. 2, 1982, s. 27-29. Stavanger
- Fett, E. & Fett, P. 1941: Sydvestnorske helleristninger. Rogaland og Lista. Stavanger
- Hansteen, H. J. 2014: Hellenen i Jøssingfjord og andre boliger. *Årbok for Dalane* nr. 20, s. 11-48.
- Myhre, B. 1964a: *Innberetning om en prøvegraving i en heller i Jøssingfjord*. Topografisk arkiv Arkeologisk Museum, Universitetet i Stavanger.
- Myhre, B. 1964b: Et lovende funn fra en heller i Jøssingfjord. *Fra haug og heiðni* Nr. 3, 1964, s. 55-57. Stavanger
- Møllerop, O. 1959: Haneberg – kultplass eller grav? Stavanger Museums Årbok 1958, s. 41-46. Stavanger
- Petersen, J. 1957: «Offeralteret» på Haneberg. Stavanger Museums Årbok 1956, s. 5-10. Stavanger
- Skår, Ø. 2003: *Rituell kommunikasjon i seinmesolitikum. En analyse av hakker og køllers symbolske betydning*. Hovedfagsoppgave i arkeologi, Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Økland, O. N. 2014: Hellenen, himmelen og havet – og «et lidet Huusmands Plads Hellenen kaldet». *Årbok for Dalane* nr. 20, s. 49-83.

VEDLEGG

- Fotoliste
- Rapport frå vedartsanalyse
- Dateringsrapport
- Avisreportasje: Dalane Tidende 06.05.16

FOTOLISTE

| Oppdrag: Sikringsundersøkelse | | Fornminnets art: Heller | | | År: 2016 | Fornminnenr./ID-nr.: 34551 | Aks.nr.: 2016/106 | Musnr.: S13670 |
|---------------------------------------|----------|-------------------------|-----|------------|-------------------------------|--|-------------------|-------------------------------------|
| Fotograf: Trond Meling/Agunn Skeiseid | | Brevjournalnr.: | | FU-saknr.: | | Flyfotoregnr.: | | Datering: Yngre jernalder/Nyere tid |
| AmS ansv: Trond Meling | | Film nr: 1 | | Digital X | Dias <input type="checkbox"/> | Kommune: Sokndal kommune | Gård: Haneberg | Gnr.: 46 Bnr: 82 |
| AmS arkivnr | Bildernr | Dato | UTM | Kartblad | Retn.mot | Motiv | UDK-nr | |
| | 0001 | 03.05 | | | S | Området utenfor grunnmuren – før graving av Sjakt 1 | | |
| | 0002 | 03.05 | | | N | Området utenfor grunnmuren – før graving av Sjakt 1 | | |
| | 0006 | 03.05 | | | Ø | Området utenfor grunnmuren – før graving av Sjakt 1 | | |
| | 0010 | 03.05 | | | S | Området utenfor grunnmuren – før graving av Sjakt 1 | | |
| | 0014 | 03.05 | | | N/NØ | Angunn Skeiseid graver Sjakt 1 | | |
| | 0022 | 03.05 | | | N | Graving av Sjakt 1 – moderne søppel | | |
| | 0025 | 03.05 | | | N/NV | Fiskesøkke i teglstein in situ ca. 45cm under overflaten i Sjakt 1 | | |
| | 0027 | 03.05 | | | N | Sjakt 1 – gravd ca. 50cm under overflaten | | |
| | 0029 | 03.05 | | | NØ | Sjakt 1 – gravd ca. 50cm under overflaten - oversikt | | |
| | 0031 | 03.05 | | | Ø | Grunnmuren hviler på fjell - detalj | | |
| | 0033 | 03.05 | | | S | Sjakt 1 ferdig gravd ned på fjell - oversikt | | |
| | 0035 | 03.05 | | | S | Sjakt 1 – profil mot sør | | |
| | 0040 | 03.05 | | | | Fiskesøkker i stein fra Sjakt 1 | | |
| | 0043 | 03.05 | | | | Fiskesøkker i teglstein fra Sjakt 1 | | |
| | 0046 | 03.05 | | | | Diverse moderne gjenstander fra Sjakt 1 | | |
| | 0047 | 03.05 | | | | Diverse porselen fra Sjakt 1 | | |
| | 0049 | 03.05 | | | N/NØ | Sjakt 1 ferdig gravd - oversikt | | |
| | 0051 | 03.05 | | | Ø | Sjakt 1 ferdig gravd - oversikt | | |
| | 0053 | 03.05 | | | S | Sjakt 1 ferdig gravd - oversikt | | |

| Oppdrag: Sikringsunderøkelse | | Fornminnets art: Heller | | | År: 2016 | Fornminnenr./ID-nr.: 34551 | Aks.nr.: 2016/106 | Musnr.: S13670 |
|---------------------------------------|--------|-------------------------|-----------|-------------------------------|--------------------------|--|-------------------------------------|----------------|
| Fotograf: Trond Meling/Agunn Skeiseid | | Brevjournalnr.: | | FU-saknr: | | Flyfotoregnr.: | Datering: Yngre jernalder/Nyere tid | |
| AmS ansv: Trond Meling | | Film nr: 1 | Digital X | Dias <input type="checkbox"/> | Kommune: Sokndal kommune | Gård: Haneberg | Gnr.: 46 | Bnr: 82 |
| AmS arkivnr | Bildnr | Dato | UTM | Kartblad | Retn.mot | Motiv | UDK-nr | |
| | 0055 | 03.05 | | | | Fyllmassen fra Sjakt 1 | | |
| | 0057 | 03.05 | | | V | Oversikt av Hellingen og husene | | |
| | 0060 | 03.05 | | | V/NV | Oversikt av Hellingen og husene | | |
| | 0061 | 03.05 | | | S/SV | Oversikt og Jøssingfjord med Hellingen | | |
| | 0063 | 25.05 | | | NV | Trond Meling fjerner løse, påførte masser fra Sjakt 2 | | |
| | 0065 | 25.05 | | | N | Sjakt 2 etter at de løse, påførte massene er fjernet - topp Lag 1 | | |
| | 0067 | 25.05 | | | V/NV | Relasjonen mellom gravd areal på utsiden (Sjakt 1) og innsiden av grunnmuren (Sjakt 2) | | |
| | 0068 | 25.05 | | | Ø | Relasjonen mellom gravd areal på utsiden (Sjakt 1) og innsiden av grunnmuren (Sjakt 2) | | |
| | 0070 | 25.05 | | | N | Sjakt 2 – topp Lag 2 | | |
| | 0073 | 25.05 | | | N/NØ | Sjakt 2 – topp Lag 2 | | |
| | 0075 | 25.05 | | | N | Angunn Skeiseid graver Sjakt 2 | | |
| | 0076 | 25.05 | | | S/SØ | Angunn Skeiseid graver Sjakt 2 | | |
| | 0084 | 25.05 | | | N | Sjakt 2, Rute A – overgangen mellom Lag 2 og Lag 4 | | |
| | 0087 | 25.05 | | | N | Sjakt 2, Rute B – Lag 2 | | |
| | 0088 | 25.05 | | | N | Sjakt 2 - profil mellom Rute A og Rute B. | | |
| | 0089 | 25.05 | | | N | Sjakt 2 – profilen mellom rutene er fjernet – Bunn Lag 4 | | |
| | 0093 | 25.05 | | | Ø | Sjakt 2, Rute A – profil mot Ø (foto tatt fra utsiden av huset) | | |

Analyse av vedanatomiske prøver

For Arkeologisk museum, UiS

Kontaktperson: Trond Meling E-post: Tlf:

Kommune: Sokndal

Lokalitet: Hellaren

Gårdsnavn: Haneberg

Gnr: 46 Bnr: 82

Fornminne-ID (ikke aktuelt for nye funn):

Antall prøver: 1

Prøvenumre/-ID:

Innleveringsdato: 01.06.2016

Informasjon spesifisert per prøve

Oppsummering av utført analyse

Kontaktperson nat.vit.: Trond Magne Storstad Tlf: 51832639 E-post: trond.m.storstad@uis.no

Prøve mottatt dato: 01.06.2016

Ferdig dato: 06.06.2016

Antall prøver brukbare til karbondatering: 1

| Merking | Vedart/artsgruppe | Innvekt (g) |
|--------------------------|-------------------|-------------|
| Sjakt 2, 20-30cm, rute B | Hassel eller or | 0,0761 |

| UBANo | Sample ID | Material Type | ^{14}C Age | \pm | F14C | \pm |
|-----------|------------|---------------|---------------------|-------|--------|--------|
| UBA-32488 | OF-10401-1 | Hassel/Or | 1434 | 36 | 0.8366 | 0.0038 |

Trond Meling
University of Stavanger,
Museum of Archaeology
Postboks 384, Alnabru
Oslo 0614
Norway
Customer No. 2311605



¹⁴CHRONO
Centre
Queens University
Belfast
42 Fitzwilliam
Street
Belfast BT9 6AX
Northern Ireland

Radiocarbon Date Certificate

Laboratory Identification: UBA-32488
Date of Measurement: 2016-08-16
Site: Hellenen
Sample ID: OF-10401-1
Material Dated: charcoal
Pretreatment: AAA
Submitted by: Trond Meling

| | |
|----------------------|-------------------|
| Conventional | 1434±36 |
| ¹⁴ C Age: | BP |
| Fraction | using AMS |
| corrected | δ ¹³ C |

Information about radiocarbon calibration

RADIOCARBON CALIBRATION PROGRAM*

CALIB REV7.0.0

Copyright 1986-2013 M Stuiver and PJ Reimer

*To be used in conjunction with:

Stuiver, M., and Reimer, P.J., 1993, Radiocarbon, 35, 215-230.

Annotated results (text) - -

Export file - c14res.csv

OF-10401-1

UBA-32488

Radiocarbon Age BP 1434 +/- 36

Calibration data set: intcal13.14c

% area enclosed cal AD age ranges

Reimer et al. 2013

relative area under
probability distribution

68.3 (1 sigma) cal AD 600- 649

1.000

95.4 (2 sigma) cal AD 563- 658

1.000

References for calibration datasets:

Reimer PJ, Bard E, Bayliss A, Beck JW, Blackwell PG, Bronk Ramsey C, Buck CE, Cheng H, Edwards RL, Friedrich M, Grootes PM, Guilderson TP, Haflidason H, Hajdas I, Hattä© C, Heaton TJ, Hogg AG, Hughen KA, Kaiser KF, Kromer B, Manning SW, Niu M, Reimer RW, Richards DA, Scott EM, Southon JR, Turney CSM, van der Plicht J.

IntCal13 and MARINE13 radiocarbon age calibration curves 0-50000 years calBP

Radiocarbon 55(4). DOI: 10.2458/azu_js_rc.55.16947

Comments:

* This standard deviation (error) includes a lab error multiplier.

** 1 sigma = square root of (sample std. dev.^2 + curve std. dev.^2)

** 2 sigma = 2 x square root of (sample std. dev.^2 + curve std. dev.^2)

where ^2 = quantity squared.

[] = calibrated range impinges on end of calibration data set

0* represents a "negative" age BP

1955* or 1960* denote influence of nuclear testing C-14

NOTE: Cal ages and ranges are rounded to the nearest year which may be too precise in many instances. Users are advised to round results to the nearest 10 yr for samples with standard deviation in the radiocarbon age greater than 50 yr.

<>

GREV I HISTORIA TIL HELLEREN



SUVENIRHAUG: Nokre av gjenstandane arkeologane fann.

Når Dalane folkemuseum skal reparere grunnmuren til eit av husa i Hellenen, må arkeologar frå Stavanger først sjekke jorda for pilspissar.

ERLEND A. LORENTZEN

erlend@dalane-tidende.no 959 01 777

– Det er første gongen eg er med på ei utgraving. Det er jo ekstra snadder å vere med på ein så spennande plass som Hellenen, seier museumshandverkar Olav Thomassen.

Han er ansvarleg for å ta vare på dei gamle husa som står tørt under helleren i Jøssingfjord.

– Hellenen har same problem

«Hellenen har same problem som Firenze. Det er for mange besøkande.»

Olav Thomassen, museumshandverkar

som Firenze. Det er for mange besøkande. Fleire tusen er innom og trakkar på golvet kvart år, og det tenkte dei ikkje då dei bygde husa. Me ønsker at folk skal kunne gå inn og sjå korleis dei levde her. Derfor må me gjere visse forsterkingar, seier han, og viser til ein ekstra dragar han har sett opp under golvet.

Heilag grunn

Steinar i grunnmuren til det raudde huset har rasa ut, og Thomassen vil bygge muren opp att. Då måtte han søke Riksantikvaren.

– Det er funne pilspissar i området, og grunnen er freda, seier Thomassen.

For å få klarert kvadratmeteren Thomassen er nøydd å grave i for å komme til grunnmuren

må to arkeologar først finkjeme jorda.

– Det kjekkaste måtte vere å finne reiskapar som me kan datere. Dei kan fortelje oss noko om kva slags busetting det har vore her. Pilspissar, men også organisk materiale som bein og trekol, kan me finne. Det er gode bevaringsforhold under ein heller sidan det er tørt i jorda, seier arkeolog Trond Meling frå arkeologisk museum i Stavanger.

Saman med Angunn Skeiseid, arkeologisk rådgivar i Rogaland fylkeskommune, har han fått i oppgåve å sjekke om jorda kan inneha dei gjenstandar frå steinalderen.

Attraktiv buplass

– Pilspissen frå Hellenen er om lag 5.000 år gammal. Det er også funne flint, bein og skjel. Det har vore busetting her i steinalderen, og sannsynlegvis også i jernalderen, fortel Meling.

Den naturlege livda som ein heller gir, har sannsynlegvis gjort han attraktiv for folk til alle tider. Museumsformidlarane fortel at fjorden gjekk heilt inn til husa før, og det var gode høve for fiske. Gjenstandar frå steinalderen er det Arkeologisk museum som eig, men arkeologane kan òg finne nyare ting av interesse for Dalane Folkemuseum.

– Her er ein sko. Den må ha vore ein anleggsarbeidar sin, seier Meling, og dreg opp ei gammal skinnflynse frå bakken.

På 1920-talet var det vegarbeidarar eller arbeidarar i smel-



AUSEKAR: – Me kan avkrefte myta om at me grev med teskei. Då hadde me ikkje kor-



FORSTERKING: Olav Thomassen sørger for at husa i Hellenen ikkje dett saman.

teverket The Jøssingfjord Manufacturing Company som budde i Hellenen

I det Thomassen kallar ein suvenirhaug, ligg ein taustump, ei

skår, i tillegg til skoene.

– Neppe noko frå steinalderen, seier arkeolog Meling.

Olav Thomassen og Dalane Folkemuseum er opptekne av å vise heile utviklinga husa har hatt, frå då folk budde og dreiv hushald, til siste anleggsarbeidar flytta ut.

– Denne plassen kan virke som den mest isolerte i landet, men det var han ikkje. Det var ein del av Europa, seier Olav Thomassen.

– Dei som dreiv her, var leiglendingar til garden Haneberg i Sokndal. Dei leverte varer, og hadde sannsynlegvis kontakt med seglskuter.

«Det er ikkje mange stader med steinalderfunn sør for Egersund.»

Trond Meling, arkeolog

Det må ha vore ein spennande plass å bu, seier han.

Museumshandverkaren vil ikkje akseptere at husa forfell.

– Me må gjere alt me kan for å halde på standarden, eller helst forbetre han. Men me er underlagt strenge regime frå Arkeologisk museum, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Difor har me med

oss arkeologar i dag, seier Thomassen.

Spenninga stig nedover

For å nytte høvet til å finne ut meir om tidlegare historie, skal arkeologane først grave rundt grunnmuren. Når Thomassen har fjerna steinane han skal bygge opp att, får dei også grave under muren.

– Det er ikkje kvar dag me får grave i ein så stor og mektig heller. Det er ikkje mange stader med steinalderfunn sør for Egersund, seier ein godt nøgd Trond Meling.

Han fortel at steinalderfolk stort sett var jegerar og sankarar, fram til dei begynte

å dyrke jorda mot år 1800 før Kristus. Det var ikkje nødvendigvis slik at dei budde på same staden, men det er leveviset funna kan seie noko om.

Dei to arkeologane fann ingen gjenstandar frå steinalderen då dei grov rundt grunnmuren tysdag. Det blei med skosolar, pipe, garnsøkke og medisinfleske. Dei ventar seg meir spenning under muren i neste runde:

– Det er når me kjem lenger ned i jorda, at det blir interessant, seier Trond Meling.

ALLE FOTO: ERLEND A. LORENTZEN

OPPI som

SI SO i H

I 194 krig frå f Bjer hist «Ar

ERLE erlend

Det v som de ru gøynt krat djupa Br dotte Russl skjed Ho

Roga i Der ja i L tyska fange te frå han f måna fjellb har n guter med Et Russl de al land nøsta

S13670/1-3

Hellerfunn fra **ynge jernalder** fra HELLEREN i JØSSINGFJORD, HANEBERG (46/82), SOKNDAL K., ROGALAND.

1) **Bein** brent . *Antall fragmenter: 12*

Et fragment (Fnr. 3) er svakt brent med en gråhvit farge, mens resten av beinene har en hvit farge

Vekt: 2,79 gram.

Strukturnr: Sjakt 2 Fnr. 1, 3 og 4

2) **Bein** ubrent. *Antall fragmenter: 2*

Et av de to beinene er en ryggvirvel av fisk

Vekt: 0,29 gram.

Strukturnr: Sjakt 2 Fnr. 2

3) **Trekullprøve**. *Antall: 4.*

Trekull fra prøve Fnr. 8 er datert

Vekt: 8,7 gram.

Datering: Merovingertid

Strukturnr: Sjakt 2 Fnr. 5, 6, 7, 8

Funnomstendighet: Funnet i forbindelse med en begrenset sikringsundersøkelse i Hellenen (id 34551) i Sokndal kommune. Det ble gravd to ca. 0,5m brede sjakter for hånd. Sjaktene hadde en lengde på henholdsvis 1,6m og 2,0m. Den ene sjakten (Sjakt 1) ble lagt på utsiden (mot vest) av grunnmuren til det nordligste huset under Hellenen, mens den andre sjakten (Sjakt 2) ble lagt parallelt med Sjakt 1, på innsiden av grunnmuren. Alle funnene kommer fra Sjakt 2 og fra lagene 1-4. Trekull fra Lag 4 er ¹⁴C-datert til BP 1434 +/- 36 (UBA-32488).

Orienteringsoppgave: Hellenen ligger 8-15moh på nordsiden og innerst i Jøssingfjord i Sokndal kommune. Hellenen er om lag 100m lang i retning nord-sør og ca. 20m høg i dråpefallet. Fra innerst til dråpefallet er det 15m på det mest.

LokalitetsID: 34551.

Innberetning: Trond Meling, 01.11.2016, Arkeologiske granskingar av busetjingsspor i Hellenen (id 34551). Haneberg gnr. 46, bnr. 82, Sokndal kommune. Oppdragsrapport 2016/19

Funnet av: Trond Meling.

Funnår: 2016.

Katalogisert av: Trond Meling.